

## **Årsmelding for Radøy damekor**

19.01.17

Årsmøte i 2016 vart halde i Sæbø kyrkje 11. februar kl. 19.30.

17 medlemmer var til stades.

Dette året har Elin Irene Klausen vore leiar. Styret elles har vore sett saman av;

1. Geirunn Valdersnes, nestleiar
2. Berit Helen Kongestøl, sekretær
3. Karen Magrete Lervik, styremedlem,
4. Kristin Kleveland, styremedlem (VO)
5. Kristi Juvik Nybø, styremedlem
6. Anne Karin Fjeld (1. Vara)
7. Ingrid Agnethe Sævdal
8. John William Kay (pianist,) og kasserer: Han har møterett, men ikkje stemmerett.
9. Jurate Norkuviene (dirigent) har møterett, men ikkje stemmerett.

Styret har hatt 6 møter dette året

### **Aktivitet våren 2016**

Koret har hatt 19 medlemmer og ein i permisjon denne våren.

### **Nyttårskonsert 17.01.16**

Me var på Nyttårskonsert i Birkeland kirke.

### **Årsmøte i Norges korforbund Hordaland 13.03.16**

Årsmøte i NKH vart gjennomført på Åsane folkehøgskule. Kristin og Karen reiste,

### **Samarbeid med Fedjekostane;**

Denne våren har me hatt eit samarbeid med Fedjekostane. Me har jobba med musikk frå 60-tallet. Me hadde to fellesøvingar. I 10.03.16 Hella bedehus, og 14.03.16 på Fedje. Den 10.04.16 hadde me generalprøve på Fedje, og den 14.04.16 var det duka for konsert på Manger folkehøgskule. Det var godt frammøte og me registrerte at publikum kosa seg. Konserten på Fedje var 17.04.16. Denne framføringa var kombinert med ei utlodning.

### **Idrett og kulturgalla 22.04.16**

9 av damene i koret stilte sporty opp og song for fyrste gong utan notar. Me fekk svært gode tilbakemeldingar.

### **Velferdssenteret 12.06.16**

Tradisjonen tru stiller me til stor glede på Velferdssenteret med sumarkonsert. Denne gongen var det nye pianoet på plass. Stor takk til Kyrkjeforeininga i Manger og Husmorlaget for 10.000,- kr kvar til dette prosjektet. Damekoret har gått inn med 7000,- kr.

### **Forsongartenesta i kyrkja**

Koret har stilt som forsongarar på 5 gudstenester i vår. Takk til dei som stilte.

### **Aktivitet hausten 2016**

Koret har hatt 21 aktive medlemmer og to i permisjon denne hausten.

Hautsemesteret starta opp med øving 18.08.16.

### **Kyrkjebasar i Manger bedehus 01.09.16.**

Sesongen starta også dette året med songoppdrag på kyrkjebasaren til Manger kyrkjeforeining. Medlemmene i koret bidrog med sal av året.

### **Korkafé på Fedje 25.09.16.**

Fedjekostane arrangerte korkafé. Damekoret fekk gode tilbakemeldingar for song og antrekk. Svart og variasjonar i rødt.

### **Torsdagskonsert 20.10.16 med BFO.**

Beethovens 9. symfoni

### **28.10.16 Sosialt samvær hjå Gro.**

Korgfest og film ( Så ock på jorden) Takk til Gro for husrom og hyggeleg samkoma.

### **Deltaking på helgemessesundag 06.11.16**

Det har vorte ein fin tradisjon at koret tek del på allehelgensgudstenesta.

### **Øvingshelg 05/06 november i Manger kyrkje**

Koret gjennomførte øvingshelg i Manger kyrkje 10.00-15.00

Sundag 15.00 – 20.00

### **125 års jubileum for Manger kyrkje 19.11.16**

Soknerådet slo på stortromma og hadde invitert heile Radøy til tapaskveld i kyrkja. Kyrkja har vorte stiva av dette året og no er den klar til å verta tatt i bruk igjen. Fokuset for kvelden skulle vera forsoning, sjølv om ordføraren tok til ordet for at forsoninga hadde funne stad for lenge sida.

### **Song i gravferd 02.12.16**

Koret er takksam for at me fekk bidra i Kjell Skjerven si gravferd, og lyser fred over minnet hans.

### **”Syng jula inn med damekoret” + gjester 10.12.16**

Etter at ein i fjor hadde pause frå den årlege julekonserten var det i år duka for å gjennomføra igjen. Maria Urhaug Dina Halland Kruse, Madelen Grindheim og Karoline Ottesen. Laila Frantzen og leiar laga herleg indisk gryte til avslutninga. Dette var kjærkomen etter ein vellukka konsert. Det var ca. 130 besøkande på konserten og det kom inn 13420,- kr. Oddmund Frantzen og Gjermund Lervik selde billettar for oss.

### **Song på Velferdssenteret og Julekonsert i Sæbø 11.12.16**

Fyrst song me på Velferdssenteret kl. 16.00 for deretter å syngja julekonsert i Sæbø kyrkje kl. 18.00.

### **Forsongartenesta i kyrkja denne hausten.**

Koret har stilt med forsongarar til fem gudstenester denne hausten. Takk til dei som stilte.

Leiar

Elin Irene Klausen